

## Cittaslowrådsmøte nr. 2/2016



Ulvik herad - Firda i Hardanger



**Referat frå møte 2. mars 2016 kl. 18-20**

**Stad: Hardanger Gjestetun, Ulvik**

### **Frammøtte:**

Brakanes hotell og leiar: Ingrid Prestegard

Politisk representant og nestleiar: Håkon Gjerde

Ulvik næringslag: Vibeke Korsnes

Slow Food Hardanger: Pål Drønen

Ulvik bygdekvinnelag: Jenny Johnsen

Hjeltnes Vidaregåande Skule: Gunnbjørg Øyri

Brakanes skule: Arne Haukeland

Politisk representant: Ingvild Sygnestveit

Bondelaget: Stein Olav Kolås

Ungdomsrådet: Cecilie Øydvin

### **Frå heradet:**

Hans Petter Thorbjørnsen, ordførar

Natalia A. Golis, sekretær

### **Forfall:**

Haugesenteret: Geir Neteland

Møtet starta med ein kort velkomst og informasjon frå vertskapet Audun Jåvold som eig og driv Hardanger Gjestehus og campingplassen. Dei drivar nå på andre året. Dei satsar på å servere meir og meir økologisk mat (Debio godkjend) og er eit viktig reiselivs aktør i Ulvik.

### **Saksliste:**

#### **6/16: Godkjenning av innkalling og referat**

Innkalling går 2 veke før møte, mens sakspapira ble sendt 1 veke før.

Innstilling: Godkjend

## 7/16: Orienteringar frå administrasjon

Cittaslow i skulen:

- Sist gong var det sak om korleis starta introduksjonen av Cittaslow hjå dei unge, på skule og barnehage i Ulvik. Det har komme et brev frå Island i mellomtida med ynskje om å delta i eit felles Erasmus+ prosjekt ( EU midlar) for å undersøke korleis implementere Cittaslow i skule og barnehage. Brevet vil bli vurdert på eit leiar møte på skulen. Svar må givast til Island før 30 mars. Dette er eit positivt prosjekt som kan eigast av rådet, utan å forplikte skulen på nåverande tidspunkt. Dette er eit søknad i fyrste omgang for midlar til å drive utveksling. For å søkje er det tenkt 4 Cittaslowkommuner, så langt er det tenkt Djuppavogshreppur på Island, Orivieto i Italia, Ulvik i Norge og Vizela i Portugal. Natalia skal møte leiargruppa på skulen.

Cittaslow i barnehagen:

- Barnhagen er allereie godt i gong med eit hage prosjekt i samarbeid med SlowFood Hardanger.
- Det er politisk vedtatt oppstart av snigel nedkjempings prosjektet. Stor markedsførings verdi for Cittaslowbygda.

Utveksling:

- Ordførar er leiar i det Nordiske Nettverket for Cittaslow og skal delta på International Coordinating Committee møte i Greve i Chianti i mars. Her vil vi også få høve til å ta eit møte med ordførar i Greve ang. vennskapsby avtale og konkret innhald. Referat frå dette vil følgje.
- Ungdomsutveksling er ungdomsrådet positiv til. Det er viktig å finne midlar til slikt utveksling, enten igjennom Erasmus program eller hjå andre aktørar. Utveksling er blant det som vil bli tatt opp i samband med å bli «søsterby» med Greve i Chianti. Det er da ynskjeleg å sjå på båe ungdomsutveksling og eldreutveksling. Notat om denne prosessen vil komme særskilt etter Coordinating Committee møte i slutten av mars.

## 8/16: UngJobb

I sist rådsmøte 13. januar 2016 la Alma Thorbjørnsen frå Ungdomsrådet fram ynskje om å gjenoppta UngJobb i Ulvik . Administrasjonen har nå sett på korleis dette skal gjennomførast i praksis og for å utgreie ressursbehovet. Det førebuss ei sak til politisk handsaming i formannskapet til 16. mars. Cittaslowrådet kan gi ei fråsegn til saken.

Vedtak:

Forslag til fråsegn blir redaksjonelt retta og sendt som vedlegg til saka politisk. ( Sjå vedlegg)

Innspel:

- Skal dette kunne vere aktuelt utover heile året?
- Viktig å poengtere at det er behov for jobb: Skogsarbeid bl.a.
- Sikkerhetskurs: Kan vi kjøpe sikkerhetskurs frå Hjeltnes- på bruk av maskiner/ gressklippermaskin m.fl.
- Felles opplærings/ orienteringskveld for alle ungdommer før oppstart.
- Bruk Avis Hordaland- Natalia tar kontakt ang redaksjonelt omtale også i forkant for å rekruttere

## Sak 9/16: Sertifisering av verksemda/ produsentar/ skule og barnehage:

Som godkjend Cittaslow kommune er det ønskeleg at heile lokalsamfunnet tar eigarskap til Cittaslow snigelen og verdiane til Cittaslow. Vedlagd innkallinga er utkast med punkter til sertifiserings kriterier for verksemd, produsent og skule. Dette er ment som utgangspunkt til diskusjon.

I dialog med leiar er det initiert kontakt med Innovasjon Noreg og ein invitasjon til å arrangere eit Vertskapskurs i Ulvik, der Cittaslowrådet er vertskap og inviterer alle i Ulvik til å delta. Kurset *kan* være ein kriterium for å bli godkjend.

Vedtak:

Kriterium liste takast til orientering, og arbeidast vidare med til neste gong. Innspel på nye punkter og metode er i vedlagd dokument. Til møte i mai skal vi ha eit utkast til invitasjon om å bli godkjend klar.

#### **Sak 10/16: Ymse**

- Gjødsele: Skaff meir gjødsele/ gylle- Moglege felles satsing på å skaffe meir stønad til gjødsele lokalprodusert. Om 50 år er det tomt for fosfor globalt. Kunne vi ha eit felles løft for bygda på foredling av gjødsele- tørrpakking.
- FN år for belgvekstar: Cittaslow vil satse på proteinvekstar- Fokus på mindre kjøttforbruk i Ulvik. Foods of Norway- har base på Ås- alternative proteinkilder. Dette er basert på å bruke bl.a tang/ tare- ynskje om vi skal vere vertskap eller anleggsplass til prøve prosjekt. Bygde- og næringsutviklar har vært i kontakt med grunder ang. dette og følger opp til møte i mai.

#### **Sak 11/16: Neste møte:**

Jamfør referat frå sist rådmøte er neste rådmøte satt til onsdag 18.mai 2016. Forslag til saker må komme minst 2 veke før.